

KINNESUND FYR

OG LEONARD HESS



Av Bjarne Sindre

I 1865 var den første fyrdirektøren i Noreg utnemnt, Carl F. Diriks. Han hadde ei solid utdanning frå sjøkrigsskulen, og røynsle som sjømann. Han ville straks skaffe seg eit oversyn over kvar det var størst trong for å reise nye fyrlykter. Han reiste heile kysten på langs, og sette seg inn i tilhøva. Han enda opp med at det farlegaste området langs norskekysten var området rundt Kinn. Like ved innseglinga til den nye kystbyen Florø var det mange holmar, båar og undervassskjer, i tillegg til sterke straumar. Særleg utsett var fiskeflåten, for det store vintersildfisket gjekk føre seg nett her. Han bestemte at her straks måtte byggast to fyr, eitt på knausen Stabben midt i det farlegaste farvatnet, og i Kinnesund eit innseglingsfyr til Rognaldsvåg, den viktigaste hamna for fiskeflåten. Det vart vedteke å bygge fyra samstundes for betre å kunne utnytte arbeidsfolket og innkjøpet av varer og tenester.

Arbeida kom i gong i 1866 og begge fyra stod ferdige samstundes hausten 1867. Denne våren vart stillingar i fyrverket utlyste, sju i alt, og både Stabben og Kinnesund var med. Løna til fyrvaktaren på Stabben var 350 Spd, medan for Kinnesund berre var 120 Spd. Dette sikkert fordi tilhøva var mykje enklare og arbeidet mindre omfattande.

Til fyret låg der plikter på fyrvaktaren. Han skulle utan vederlag tenne fyret ved oppstart, tenne det ved mørklegging og stå for vedlikehald av vegen frå brygga og til fyret. Dei andre måtte også betale «Skatter og Byrder af Eiendommen.» Dette sleppte fyrvaktaren Kinnesund, sikkert av di tomta ikkje var kjøpt, men i førstninga bygsla av væreigar Lass, som i april 1877 får følgjande brev frå Diriks:

«Indlagt fremsendes 10 Sp som den betingede grundleie af Tomten til Fyret paa Kinn for Tiden fra 1st Mai f.A. til samme dato d.A. Quitting udbedes.

Grundfeste-Contracten vil blive ordnet ved Fyrvogter Poulsens Ankomst til Kinn i neste Maaned».

I grunnboka finn vi «Fæsteseddel til Fyrvæsenet paa den saakaldte Rottevaulehaug dat 27d mai, thinglytst 21d Septembr. 1867».

Ein kan undre seg over at Leonard Hess søkte denne stillinga når løna var låg, men han har nok hatt ein baktanke. Han kom frå Solund med familien sin. Der hadde han gjort det bra som fiskar, og han rekna sikkert med at dette kunne han halde fram med i Kinnesund. Han hadde og med seg søner som kunne hjelpe. Dessutan var området rundt Kinn i lange tider det fiskerikaste i landet, og alle her ute tente gode pengar. Han vart tilsett den 22. august 1867, eit merkeleg samantreff, for han var fødd den 22. august 1838.

GIFTA SEG SOM 17-ÅRING

Leonard Hess og slekta var frå Bergen, der guten vart fødd den 28.08.1838, og 10 år gammal flytte familien til Buskøy i Solund, der faren vart landhandlar. Allereie to år seinare døydde faren, og tolv-åringen måtte livberge seg sjølv med praktisk arbeid, først og fremst som fiskar og landarbeidar. Allereie som 17-åring gifta han seg med



Leonard Hess var ein venleg og omgjengeleg mann. Alle som kom i kontakt med fyrvaktaren, tykte om han. Hess var fyrvaktar på Kinnesund Fyr frå 1867 til 1913, like lenge som fyret eksisterte. Med sine 48 år samanhengande som fyrvaktar på same staden, har Hess ein suveren Noregsrekord.

den 10 år eldre Lovise Bergethe Einarsdotter frå Sulen. Ved folketeljinga i 1865 har dei allereie seks born, alle søner. Den eldste vart fødd i 1857. Siste sonen får ekteparet i 1872. Då var kona 44 år gammal. Men dei fekk også to døtrer, Leonora Bergithe (1869) og Andrea Johanne (1871). Ved folketeljinga i 1910 er alle borna reist heimanfrå

Leonard hadde som liten fått ei god grunnutdanning, og lærte også mykje av foreldra, i tillegg hadde han god røynsle frå det praktiske livet. Med framifrå kjennskap til sjølivet, kjende han seg i 1867 før til å søkje stillinga som fyrvaktar på Kinnesund fyr då dette vart utlyst.

Bygginga av fyret gjekk raskt unna, utan vanskar av noko slag. Som alle fyr langs kysten var det bygt av solide materialar, og huset står der like trygt i dag. I motsetnad til «Stabben» som ligg der i dei sterkaste stormar og må møte dei bistraste bølger, ligg Kinnesund Fyr tolleg skjerma, både frå ulande vindar og glefsande brimskavlar. Men sjølv sagt kan det blåse hardt også i Kinnesundet. Allereie i august 1867 byrja Leonard Hess som fyrvaktar, og han fekk ei omfattande og god innføring i fyrarbeidet av den røynde fyrvaktar

Poulsen. Han var difor godt skodd då fyret vart tent den 1. oktober.

JUBILEUMSFEST FOR HESS

I 1907 var det 40 år sidan fyret i Kinnesundet vart tent, og Hess hadde vore fyrvaktar her like lenge. På dei andre fyra våre, som Kvanhovden, Stabben og Ytterøyane var der stadige skifte. Gode vener av Hess fann at dette måtte feirast. Dei skipa til ein fest for den trivelege gubben ute på fyret. Amtsbåtane sette fyrvaktaren høgt, og dei stilte «Balder» gratis til disposisjon for å frakte gjester frå byen og ut til Kinn. Mange tok vegen for å heidre Leonard Hess.

På Kinn var det ikkje skikkeleg kai, og ein storbåt kom ut for å frakte gjestene puljevis inn til Fyret, der fyrvaktaren stod og tok imot.

Oppe i stova til fyret byrja ein straks med programmet. Kaptein Sletten heldt ein kjenslefull og engasjert tale, og hadde også skrive eit dikt som vart sunge med stor entusiasme. Vi gjev att ei av strofene:

*Du synes det er kun smaat
hvad du i livet har magtet.
Men vi, vi alle vi ved saa godt
det bør ei gaa upaaaget;
at Du har været en pligtens mand
fra første dag Du kom her,
en pryd og ære for din stand
En mand, mor Norge stolt ser.*

Fotograf Berg las opp eit lite stykke om Hess som hadde stått i Nordre Bergenhus Amtstidende dagen før:

... «Hr. Hess er født 22de august 1838, og er altsaa nu 69 aar gammel. I 1867, ogsaa den 22de aug, ansattes han som fyrvogter ved Kinnesunds fyr, som netop det aar oprettedes. Siden den tid har hr. fyrvogteren betjent nævnte fyr uden afbrydelse i tjenesten, saa naar han nu feirer sit 40 aars jubilæum, vil han som landets ældste fyrvogter i aktiv tjeneste ogsaa kunne betragtes som en veteran blant fyrvogterne. Alle, som har lært hr. fyrvogter Hess at kjende, roser ham som en sjelden mand, samvittighedsfuld og pligttopfyldende i sin tjeneste, energisk og udholdende i alt sit arbejde, nobel og hensynsfuld i sin omgjængelse og gjestfri overfor alle fremmede. Intet under derfor, at hr.



Kinnesund Fyr måla av Harald Seim. Vil tru dette er laga på 30-talet. Kunstnaren hadde sikkert opplysningar om korleis fyret såg ut då det var i drift, og har måla det slik.

fyrvogteren i aarenes løb har vundet sig mange og trofaste venner, som på hans hædersdag vil tænke paa ham med agtelse og varm hengivenhed, og som i morgen sender ham sine hjerteligste gratulationer ledsaget af oprigtige ønsker om, at det maa forundes ham endnu at leve lunge og have sundhed, lykke og held ogsaa i de kommende dage.

Ogsaa paa Florø har jubilanten mange venner, som i morgen agter at aflægge ham sin visit, i hvilken anledning dampskip «Balder» afgaar til Kinnsund i morgen middag kl. 12.»

Det vart diska opp med smørbrød og kaker, og dugeleg med kaffi vart kokt.

Kaptein Steen på «Stavenes» heldt tale for Lovise Bergethe. Kona til Hess var diverre skral, og sengeliggande under feiringa. Det blei også lese opp eit helsingdikt frå slekt som diverre ikkje hadde høve til å vere til stades. Vi gjev att den andre av to strofer:

*Hil dig du gamle, du trofaste kjære
midt i din kreds af de venner ikveld!
Venligste tanker fra os er dig nære,
mindet er hos dig, det mærker du vel.
Maatte du længe for seilerne skinne,
lede ham sikkert i fædrelands favn,
gid at da sorgløst din høstkveld henrinde,
indtil du finder din trygge havn.*

Med kjærligste hilsener
Din Margit.

PENSJONERTE SEG FØRST SOM 75-ÅRING

Då silda etter kvart vart borte frå farvatna våre, vart aktiviteten i Rognaldsvåg liten. Såleis var det ikkje lenger trong for noko innseglingssfyrtil tettstaden. Fyrstellet ville derfor legge ned fyret, men Hess hadde ikkje hug til å slutte. Først i 1913, då han var 75 år gammal, søkte han om avskil. I

Hes. Fyrdirektøren

Kristiania

Hvorlægt vedlegges min afskedsansøgning fra 20^{de} Juli 1913.

Jeg vil i ærbødighed bede Her Fyrdirektøren at støtte min afskedsansøgning, saa min Pension kunde blive saa vidt tilfredstillende at jeg kunde klare mig paa min alderdom.

Jeg har nu været paa Kinnsvind fyr i 46 aar den 22^{de} August 1913, og har udført tjenesten efter mit bedste evne.

Jeg føler mig nu saa gammel og udslettet efter den lange Tjeneste, at jeg maa have Tjenestefolk for at støtte om mig paa min gamle alder, og for tiden er det nok saa kostbart, og min økonomiske Stilling er ikke videre bra saa jeg maa i ærbødighed bede Her Fyrdirektøren om at støtte mit Pensionsandragende

Kinnsvind Fyr den 4^{de} Marts 1913

Ærbødigst
L. Hess
Fyrvogter

Søknaden fra Hess om pensjon. Han skriv uvanleg vakkert til å vere 75 år gammel.

Nordre Bergenhus Amtstidende kan vi lese følgende notis:

«Leonard Hess som i 46 år har været i fyrvæsenets tjeneste som fyrvogter paa Kinnesund fyr, har søgt og faaet avsked fra 20. juli at regne, med pension av 800 kr. Den gamle hædersmand er nu 75 aar. Naar han nu forlater Kinn er det mange som vil savne hans blide ansikt og altid gjestfrihet derute paa den yderste nøgne ø. Vi er viss paa, vi har alle med os, naar vi nu ønsker ham en lykkelig og vel fortjent hvile efter hans lange og trofaste virke.»

Hess drog ikkje langt. Han slo seg visst nok ned i Florø på Helena-holmen. Han kjende mange her i byen. Namnet på Helena-holmen gjekk raskt

over til å heite St. Helena, dette av di vittige tunger sa at Leonard Hess var som Napoleon, han hadde funne sitt St. Helena.

Kinnesund fyr vart truleg selt like etter at Hess gjekk av til Magnar (Olav) Henriksen. Sjølve fyret vart demontert og sett opp på Bryggehågen like nord for kaia på Kinn. I grunnboka står der:

«Kontrakt hvormed Einar og Harald Seim gir Fyrvæsenet ret til at opsætte og vedligeholde et lygtehus og et oljeskur paa Bryggehaugneset mot aarlig avgift 8 kroner. Dat. 18. juni, inf. 15. juli 1913.»

Lykta står der like trygt i dag, og skal syne sjøfarande leia gjennom Kinnesundet.

Kona Lovise Bergethe hadde døydd frå Leonard



Fyrbygningen sett mot Rognaldsvåg. Vi ser at huset er blitt litt påbygt. Rognaldsvåg var i si tid den største tettstaden i fylket. Namnet kjem av rong, bakskuten i færingen, og alden = høg. Det viset til skapen på fjellet som reiser seg aust for vågen.

den 29.06.1912, året før han takka av som fyrvaktar. Ho blei 84 år gammal. Han gifte seg opp att med Kristine Helle den 06.12.1913. Ho var fødd i 1857. Leonard Hess sovna stille inn den 5. april 1927, 88 år gammal. Den andre kona Kristine døydde 3 år seinare, i 1930. Begge blei gravlagde på Kinndelen av Florø Kyrkjegard. Det var ikkje nokon av slekta her i byen, og diverre vart gravene sletta i 1998. Med sine 46 år som fyrvaktar på same staden, har Hess ein suveren rekord i norsk fyrstell. Dessutan var han svært omgjengeleg og hadde berre vener. Han er ein mann som absolutt fortener å minnast i historia til Flora.

